

Side 6-7

Rein natur

- Strandrydding på Langevåg

Side 10-11

Barnesider

- Oppgaver for dei minste





Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Bos i avløpet og naturen

Tidlegare i år vart det gjort kjent at ein sjeldan kval var strandt på Sotra. Då kvalen vart partert vart det funne store mengder plast i magen på den og ein landsomfattande aksjon vart starta i forhold til å rydde strender for plast og bos.

Fokuset har vore stort i ettertid og både lokale eldsjeler og meir sentrale aktørar har foreslått forskjellige idear til korleis ein kan rydde opp plasten i havet. Å rydde ei strand eller ei vik kan vera både oppløftande og nedslåande. Mange stader ligg det lag på lag med plast og anna bos og det er nesten umogleg å få med seg alt. Det er også ein realitet at til neste år ser det nesten like gale ut igjen. På den andre sida er det kjekt å sjå at det ser mykje betre ut når ryddinga først er utført. Inntil vidare er det ingen andre måtar å samle saman dette boset på enn å manuelt samle det inn i sekker og få det levert til godkjent mottak.

Kva har dette med avløp å gjere?

For BVA sin del har me fleire ti-tals pumpestasjonar rundt omkring i kommunen som pumper avfallsvatnet og kloakken mot eit av utsløppsanlegga. Ofte er det ein eller anna form for driftsstans på ei pumpe som gjer at driftsoperatørane må ut for å sjekke og få pumpene til å

gå igjen. Ikkje sjeldan er det då bos, eller noko som ikkje skal i toalettet, som gjer at pumpa har stoppa. Dette fører til forholdsvis store driftskostnader for BVA. I tillegg til boset som ikkje går gjennom pumpene så er det mykje som likevel går gjennom og som følger med heilt ut i havet. Q-tips og sprøyter er gode eksempel på dette. Denne type bos finn me så att i strendene våre. Medisin er ein anna form for bos som ofte blir kasta i toalettet og som er skadeleg for miljøet.

Mikroplast-kva er det?

Primærkjelda er små mikroplastartiklar mindre enn 5 mm, som blir tilsatt produkt som kosmetikk, tannkrem og tekstilar. Den andre kjelda er større plastartiklar som blir til mikroplast når dei brytest ned over lang tid. I Noreg er bildekk, maling, kunstgrasbanar, plastpellestproduksjon og tekstilar blant dei største kjeldene til mikroplastforureining. Reinseanlegga for avløp er ikkje konstruert slik at dei kan sortere ut mikroplasten så plastpartiklane blir difor spreidde på havet og i strender.

Med å vera bevisste på kva som skal i toalettet eller i kva type bosdunk boset skal sorterast i, er me med på å ta vare på miljøet vårt.

Ynskjer alle ein flott sommar!



BØMLO VATN OG AVLØP

Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Synleg AS
Foto: Vegard Røslund
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Forsidebilde: Ove André Vedøy som er tilsett i BVA held fram ei spire som får veksa i ny, rein jord.



Kva skjer **eigentleg** når eg dreg i snora?

Etter eit toalettbesøk dreg me i snora, vaskar hendene og så tenkjer me ikkje noko meir på det. Men kva skjer egentleg? Og er det likt på Rubbestadneset som i Langevåg og Brandasund?

«FRISKT» spurte Jarle Andreassen i BVA som er eksperten på dei ulike løysingane som me har her på Bømlo.

To system - same prinsipp

Det finst i hovudsak to system; offentleg avløpsnett og private løysingar. Om lag 60% er knytt til det offentlege nettet. Sjølv om løysingane er ulike, er prinsippa som ligg bak dei same.

Ut av huset

Alt vatnet som går ut av huset, enten du har dusja, vaska klede eller drege i snora, går ut gjennom same røyr. Det går frå huset og ut i ein septiktank. Denne er enten privat eller det er eit offentleg reinseanlegg.

Septiktanken er gjerne nedgravd i hagen, medan dei kommunale reinseanlegga kan ligge kilometervis unna. Til dømes får dei som er kopla til det offentlege nettet på Svortland og rundt Storavatnet sitt avløp sendt heilt til BVA sitt store anlegg på Nesse.

Reinseanlegg og septiktank

På reinsestasjonane og i septiktanken er det tre kammer. Det tyngste som kjem inn (t.d. frå do-besøket ditt) fell ned til botnen og blir liggande. Vatnet og partiklar som ikkje fell ned i første kammer går så vidare til dei to neste kammera, der tilsvarande prosess skjer.

Til slutt renn vatnet og dei lettaste partiklane ut av reinseanlegget og går i eit godkjent utsløpsmottak. På Bømlo går dette vatnet i hovudsak ut i havet.

Kvifor offentleg nett?

Tidlegare førte avløpet rett ut i lukka vatn og det blei sterk forureining. I 1980/81 vart avløpet frå bustadane rundt Storavatnet samla og sendt til reinseanlegg på Økland før det blei sluppet ut i Nesosen. Dette vart eit vellukka prosjekt og Storavatnet framstår i dag som rimeleg reint. Anlegget på Økland vart i 2006 erstatta av eit heilt nytt anlegg på Nesse.

BVA held oversikt over avløpsystemet 24 timar i døgnet og tek prøvar av vatnet som går ut i sjøen fire gongar i året. Om avvik vert oppdaga, så set ein inn tiltak umiddelbart. Dermed vil belastninga på naturen vere mindre enn for private septiktankar der ein sjeldan eller aldri kontrollerer.

Både for naturen og for samfunnet er det

altså ein fordel at flest mogleg er kopla på det offentlege avløpsnettet.

Kan eg kople meg på?

På Bømlo har nokre område plikt til å vere påkopla offentlege nett, medan andre som ligg lengre frå stamnettet ikkje må det. Dei som bur i nærleiken av nettet kan kople seg på det

«BVA held oversikt over avløpsystemet 24 timar i døgnet»

offentlege nettet. Kostnaden for stikkledning og påkopling må den enkelte sjølv dekke - om lag som når ein legg inn fiber.

Lang avløpshistorie

Det er vanskeleg å seie kvar det første felles avløpsanlegget på Bømlo var, for det finst ikkje historiske kjelder på det. Men mykje tyder på at ein var svært tidleg ute i Rubbestadneset. Det er slett ikkje usannsynleg at utbygginga skjedde samtidig med at Gamlebrunnen blei bygd for å gje betre vassforsyning i bygda, rundt 1930. Då det vart bygd bustadfelt i «gamle» Arhaugen og i Solhøgda tidleg på 1960-talet vart det også laga til avløpsanlegg. På slutten av 50-talet og gjennom 60-talet vart det laga avløpsanlegg frå det kommunale bustadfeltet som var under bygging på Leite.

BVA har dei siste åra oppgradert avløpsnettet betydeleg og anlegget i dag er blitt svært godt.



Reisa vidare

Men kva skjer etterpå? «FRISK» var med Svein Arild på jobben for å læra om og sjå kva som skjer når kloakken og avløpsvatnet tek til på si reise i det offentlege avløpsnettlet på Bømlø.

Ute av syne, ute av sinn?

Heldigvis slepp me å gå rundt å tenkje så mykje på kva som skjer med kloakken etter den har forlete huset vårt. Det er her Svein Arild Madsen kjem inn med sin kunnskap og kompetanse, for det er han og kollegaene hans på BVA som gjer at me kan frigjera tankane våre til andre, mykje kjekkare syslar.

Under overflata

Under føtene våre blir det pumpa ei vannvittig mengd avfallsvatn og kloakk i røyr som strekkjer seg heile 153.290 m rundtom på Bømlø. Pumpene i det offentlege avløpsnettlet pumpar jamt og kontinuerleg, dag og natt.

Dei pumpar alt me skyl ned i toalettet frå pumpestasjon til pumpestasjon.

Ei lang reise

Råkloakken blir pumpa til dei ulike pumpestasjonane til BVA der det blir pumpa vidare ut til endestasjonane. Nokre stader er avløpsvatnet innom heile 7 av dei 48 pumpestasjonane me har på Bømlø, før det kjem fram til næraste reinseanlegg som siste destinasjon.

«Me kastar ikkje q-tips, våtserviettar og plastikk i sjøen når me er på holmatur. Om me kastar det i do, så vert konsekvensen akkurat den same»

På bilete til høgre ser me den største septiktanken og pumpestasjonen på Bømlø. Den ligg på Nesse, tek 600 000 liter råkloakk og er delt i to med seks kammer for nedfall og eit utløpskammer for avløpsvatn.

Heile reinseprosessen skjer utan at det blir tilsett kjemiske middel. Det er ein mekanisk

prosess som set i gang naturens eigne kjemiske prosessar med forråtning av slammet. Røyra kjem inn til reinseanlegget der råkloakken kjem inn til det første kammeret.

Der fell dei tyngste partiklane ned i kammeret medan avfallsvatnet går vidare til neste kammer. Denne prosessen blir gjentatt i dei tre kammera vatnet går gjennom før det blir sluppet ut i havet, ferdig reinsa.



Foto: Vegard Røslund

Går avløpsvatnet altså rett i havet?

Ja, havet er mottakar for det ferdig reinsa vatnet som blir ein del av naturen att og gjer at det blir ei naturleg gjødsling i havet. Det er difor viktig at me som forbrukarar berre kastar nedbrytbart materiale i do. Dersom me kastar andre ting – som til dømes q-tips, plast og våtserviettar så blir ikkje dette stoppa, fordi det er så lett at det flyt. Det går faktisk rett i sjøen!

Svein Arild og dei tisetete i BVA har stor kompetanse på avløp og utslepp. Frå reinseanlegget på Nesse blir det reinsa avløpsvatnet pumpa langt ut i havet.

Me kastar ikkje q-tips, våtserviettar og plastikk i sjøen når me er på holmatur. Men om me kastar det i do, så vert konsekvensen akkurat den same. Så neste gong me er på strandrydding så er det gode muligheter for at det er våre eigne q-tipsar som me plukkar opp – eller som hamnar i magen på fisk og dyr som lever i havet.

Kor reint er vatnet når det blir ført ut i havgapet?

«FRISK» stikk nasa ned for å sjå i utløpskammeret der vatnet fossar ut i naturen att. Det ser reint ut, og me lurar på kor reint det er. Dei tek jamlege prøvar av vatnet for å sikre slamflukt, slik at det ikkje følgjer slam med ut i havet. Så det er ganske reint. I blant blir det teke prøvar av sjøen ved utsleppsområdet i havet for å sikre at verdiane er gode.

Slammet blir tømt

Det som ligg att i dei tre kammera vert kalla slam og SIM sine entreprenørar hentar slammet på same måte som dei gjer i private septiktankar, ved å suge det opp. Sist tømning vart det tømt 160 tonn med slam frå denne stasjonen. Reinseanlegget blir tømt tre gonger i året.



Foto: Vegard Røslund

Ei kjetta på 60 kg (!)

- I pumpene finn me forskjellige ting som ikkje høyrer heime i avløpsnettlet. Leikebilar, moppar, eingangssprøyter, mobilar, bocciakuler og mykje anna som ein kan undrast på korleis det hamnar i do.

Den vanlegaste grunnen til at pumpene til BVA sluttar å virke er det som Svein Arild og kollegaene kallar for «kjetter». Ei kjetta er ei samanfiltrering av våtserviettar som ballar seg til store klumpar og som blir sittande fast i røyr og pumper.

For ikkje lenge sidan måtte me ta ut ei kjetta på heile 60 kg (!). Det seier seg sjølv at det er utfordrande og lite delikat. Det er også svært belastande for pumpene og andre delar av avløpsystemet. Så folkens, vær snille og hiv våtservietane i boset.

Det einaste som skal i do er det som kjem naturleg frå kroppane våre – og papir. Ingenting anna.



Foto: Svein Arild Madsen



Til jord skal det bli

Lite er så kjedelig som om det luktar kloakk heime! Kven har ansvaret? Og kvar blir det egentleg av slammet til slutt?

Privat ansvar

Me sitt i samtale med Jarle Andreassen på BVA og han kan fortelje at dei som eig septiktank sjølv har ansvar for den, både om det skulle oppstå problem og for at det er klargjort for tømning når det skal gjerast. For dei som er kopla på det offentlege nettet, så har huseigarane ansvar for det røyret som går frå huset og inn til hovudnettet til BVA.

Det er altså ikkje BVA eller SIM sitt ansvar eller kostnad om noko skulle vere gale, men huseigaren.

Medan intervjuet pågår så kjem det faktisk ein telefon frå Moster der ein innbyggjar har spørsmål om septiktanken sin og om BVA veit kor røyraner går. Jarle hjelper så godt han kan, men BVA har ikkje teikningane over korleis rørsystemet er lagt opp på den private tomta.

Mange tek kontakt med BVA fordi dei ikkje er sikker på dette og Jarle seier at dette er heilt naturleg. Ein hjelper så langt ein kan, men ofte ligg ikkje private løysingar inne i BVA sine system.

Slam - ein kjemperessurs

Slammet som ligg att, enten det er i septiktanken eller dei kommunale reinseanlegga, er det SIM som har ansvar for. Kjell Egil Hollund i SIM seier dei tømmer slam frå privatbustadar anna kvart år og kvart fjerde år for hytter og fritidsbustadar. Reinseanlegga til BVA tømmer dei etter behov, det største anlegget blir tømt tre gonger i året, medan dei andre blir tømt sjeldnare.

Pumpebilane blir så køyrt til Svartasmoget på Fitjar der det blir tatt prøvar av slammet for å avdekkja om slammet inneheld tungmetall. Slam blir blanda med flis og lagt i ranke med god lufting for å verta til kompost. Driftsleiar for innsamling i SIM, Arild Vik, forklarar litt meir av det som skjer: -Slamrankene ligg i opptil eit år med ganske høg temperatur. Me dataregistrerer temperaturen og ser at den ligg på mellom 60-70

grader. Prosessen med høg temperatur gjer at bakteriar vert nedbrotne og massen vert til jord.

Rein natur

Prøvane som blir tekne undervegs i prosessen er for å sikre at ferdigproduktet stettar krava til slike produkt. Når slammet



Foto: Vegard Røslund

har blitt til jord vert denne vert selt eller nytta lokalt på deponi. Molda frå SIM er næringsrik og har veldig fin konsistens.

Slamkomposten blir berre selt til entrepenørar som nyttar slik mold i veg- og anleggsprosjekt.



Problem med plast og kjemikalier

Når me vaskar klede så hamnar kjemikaliane frå vaskemiddelet i avløpet. Frå fleece-genseren vert det rive opp små bitar mikroplast som blir sendt ut på avløpsnettet. Årleg vert det sluppe ut 600 tonn mikroplast frå syntetiske klede i Noreg! Det er 15 gongar så mykje som frå kosmetikk - den kjelda til mikroplast som har fått mest merksemd.

Dei med fotballinteresserte i heimen veit at me dreg små svarte gummibitar inn i huset frå kunstgrasbanane. Desse skal ikkje opp i vaskebøtta og så i do, men inn i støvsugararen og opp i søppeldunken.

Plast og kjemikalier er ein miljømessig utfordring både for vatnet som til slutt renn ut i havet og slammet som skal bli til jord. Difor må me som forbrukarar gjera så godt me kan for å forhindre mikroplast i å komme i avløpet vårt og redusere bruken av kjemikalier til så lite som mogleg.

Til jord skal det bli...

Det som ein gong var i do-skåla, blir altså til god jord der gras og grønne planter kan vekse og glede oss. Det er difor viktig at det me puttar i doen er biologisk nedbrytbart.

Strandrydding - på Langevåg



Foto: Elevane i 9. klasse på Langevåg

9. klasse ved Hillestveit skule er opptatt av at me må passe på jordkloden slik at dei som kjem etter oss ikkje skal leva i vårt bos. Dei har lært om berekraftig utvikling på skulen og saman med nokre av foreldra har dei teke del i SIM sine «rydd ei strand»-aksjonar.

Den siste tida har dei vore ute i strendene rundt Langevåg for å rydda i naturen og gjera ein innsats for miljøet. Dei hadde lyst til å gjera ein innsats, og dei ville gjera det skikkeleg.

Når «FRISKT» spør kvifor dei gjer dette så er svaret todelt. Jo, dei er opptatte av naturen, men dei samlar òg inn pengar til ein klassetur dei skal på i haust. Destinasjonen for turen er ikkje bestemt enda men det står mellom Danmark eller Voss. Ein såkalla vinn-vinn situasjon for naturen og elevane.



Foto: Vegard Røslund

At strendene er fine er viktig for dei, spesielt no når sommaren og badesesongen snart er i gang.

Dei vart sjokkerte over mange av funna dei gjorde langs strandkanten; kveillar med tjukke tau, sprayboksar, store røyr, felgar, snus og presenningar var noko av det som møtte dei. Mykje av boset kjem

frå industrien, nyttefartøy og privatfartøy. Dei trur det er fiskarar og ungdommar som forsøplar mest.

Slik forsøpling må få konsekvensar for fiskarar, industri,

og privatpersonar som framleis held på med dette, meiner dei. Det nyttar lite å bruke mykje energi på å rydda, når andre held fram med å forsøpla i så stor grad.

«No må me ta vare på jorda vår!» er oppmodinga frå 9. klassingane.

9. klasse på Langevåg



Lokal vekst

- Gartnaren sin bruk av «resirkulert» jord

Det er slikt me ikkje tenkjer på før me står og irriterer oss over det: Ugras og vekstar me slett ikkje vil ha i hagen! - Og kor kjem det frå? Me må ha tak i ugrasdrapar snarast!

Og då er me ved kjernen i budskapet til gartner Ståle på Hageland Sakseide. Me er innom på gartneriet for ein liten prat om «resirkulering av jord» eller kompost og hage. Ståle er travel som vanleg. I det me skal setja oss ned og snakka med han er han borte... - så dukkar han opp att med to tåteflasker i neven. - Mens me snakkar kan eg gje ale-lamma mine mjølk, ler han. - Så får de helsa på dei og! Og slik blir det, i den nydelege vårdagen går me bort på bergnabbane og pratar medan lamma får ein god tår over tørsten.

Vond sirkel

- Når me skal anlegga ein ny hage er det svært viktig å velja rett jord. Får du tilfeldig jord frå eit depot kan det vera jord som inneheld både skvalderkål, hestehov, marikåpe eller andre svartelista ugrastypar, alt etter kvar ho kjem frå. Det ser så fint ut når ho er komen på plass og ein sår det ein skal ha i jorda. Så går det ei tid, og problema dukkar opp. Ugrasa tek over og ein er midt i kampen. -Ja, det er so gale at fleire rett og slett gir opp hagane sine! seier Ståle. - Og det er trist!

-Ja men, er det ikkje berre å sprøyta på ugrasmiddel, då? undrar me amatørane...

- Problemet er berre at ugrasmiddel er gift, og blir av styresmaktene avgrensa meir og meir. Denne gifta sig ned i grunnvatnet rundt om og kan forureina det.

Det er allereie strenge restriksjonar på

slike middel, og strengare kjem det til å bli. Me som driv i dette faget har ikkje lov å nytta det før andre metodar er prøvd,



Ståle Sakseide har nettopp gitt flaske til ale-lamma, no er det tid for litt kos.

t.d. mekanisk bekjempelse (luking). - Jaha, tenkjer me, tilbake på knea i blomabedet!

Kompostjord er ein verdifull ressurs!

Ein gylden regel er at nyplanta sommarplantar skal ha porøs og næringsrik jord, men ikkje i direkte kontakt med kompost. I starten kan for næringsrik (gjødsla) jord rett og slett drepa planten. Kompostjord er svært næringsrik og må nyttast med omtanke. Ho er super når du blandar henne med t.d. utmarksjord som er mager. Til prydbuskar i bed kan ein godt blanda kompost inn i eksisterande jord. - Me kjører eit prosjekt med ein maskinentreprenør der me produserer jord frå utmark blanda med SIM-jord og slik får god anleggsjord som ikkje inneheld for mykje uønska frø og plantar. Ved å forebygga kan me hindra bruk av plantevernmidlar, og då har me vunne ein viktig siger! - Når det gjeld den jorda som kjem frå slam-tøminga er den berre nytta til anlegg som t.d. veg og anna, ikkje til private hagar.

-Avslutningsvis må det seiast at me som driv planteproduksjon må ha ein heilt annleis kontroll på dette med jorda me nytta enn privatpersonar. Me må mellom anna ha sertifisert dyrkingsjord med deklarasjon.



Kan det vera gull i slammet?

Me er heilt avhengige av mange ting, ein av dei er fosfor. Fosfor finst i alle levande vesen og er heilt nødvendig for at celler skal kunne fungere. Men kva har det med avløp å gjere..?

Når bonden tek inn avlinga frå jorden blir også fosforet som plantene har teke opp fjerna frå jorda. Moderne landbruk er difor heilt avhengig av fosfor i kunstgjødsl. Utan det vil plantene vekse mindre og den globale matproduksjonen går ned.

Fosfor blir henta ut frå fosfatsteingruver. Me har høyrte mykje snakk om «når me går tom for olje», men me kan faktisk oppleve å gå tom for fosfor i vår eiga levetid, om så kort tid som 20-30 år i følgje forskar og professor Petter Jenssen ved Norges miljø- og biovitenskaplege universitet.

I avløpsvatn er det mykje fosfor og ein jobbar med teknologi for å få dette gjenbrukt. På Bømlø er forholda for små til at fosforattvinning er mogleg, men i avløpsanlegg av større dimensjonar må ein få dette på plass. Om fosfor ikkje blir fjerna før avløp men blir slept i innsjøar og

Fakta om

- **Namn:** Fosfor
- **Kva:** Grunnstoff
- **Når:** Først kommersielt framstilt for fyrstikkindustrien på 1800-talet.
- **Bruk:** Kusnatsgjødsl, stålproduksjon, pyroteknikk, fyrstikkproduksjon, plasmaskjermar – og i Kinder Maxi.
- **Symbol:** P
- **Atomnummer:** 15
- **Kvar:** Marokko kontrollerer 1/3 av fosfatsteingruvene i verda, resten ligg hovudsakleg i USA og Kina.

vassdrag, kan det føre til sterk algevekst. Det gir dårleg levevilkår for fisk, då algane bruker opp oksygenet i vatnet. På Bømlø er ikkje dette eit problem då havet er ein god utsleppsmottakar. Altså eit stort ja til fosfor i landbruket – og eit stort nei til fosfor i innsjøar og vassdrag!

Hagevatninga

- kva er det med den?

Mange undrar seg over dette med hagevatning, det har ikkje vore mange finversdagar, så kjem beskjeden: «Vatningsforbod!» - Det har då bøtta ned i vekevis før finveret kom, tenkjer me, meir enn nok vatn! Forklaringa er BVA sin produksjonskapasitet.

Dersom du vatnar med hageslange går det meir enn 10 liter i minuttet ut. Det blir 600 liter i timen eller 14.400 liter i døgnret. Dersom 500 hageeigarar vatnar samstundes brukar ein rett og slett opp heile produsjonskapasiteten til BVA.

Vatningsforbod sikrar difor at det er nok vatn i høgdebassenga ved brann og nok vasstrykk til dei abonnentane som bur høgt.

BARNESIDER



Vassrett



- 1 Flott kommune
- 2 Tralle og nynne
- 5 På toppen av huset
- 7 Treng me for å puste
- 8 Sukk, stønn
- 9 Krabbe-hand
- 10 Dei som sørger for vatn på Bømlø
- 11 Spiste
- 12 Vinterhovudplagg (dialekt)
- 13 Gutenamn
- 14 Skal i do
- 16 Boks / kasse
- 17 Folk bur i ..
- 18 By-fugl
- 19 Me

Loddrrett

- 1 Skal i do
- 3 Ikkje få, men
- 4 Overnattingsplass
- 6 Do-avfall
- 12 **Løysingsord**
- 15 Pianoknapp
- 17 Må me huske etter dobesøk
- 20 Kvile

Leit bortover, nedover og på skrå – kor mange BVA ord finn du?

S	E	P	T	I	K	T	A	N	K
T	R	Y	G	G	L	E	I	K	R
T	O	A	L	E	T	T	D	O	E
F	R	I	S	K	T	B	A	D	I
A	B	A	N	A	N	X	V	M	N
V	R	Ø	D	N	Y	Q	L	A	T
L	A	Ø	M	Z	J	R	Ø	Y	R
Ø	M	T	Y	L	X	X	P	L	W
P	J	M	N	R	O	W	D	W	L

Drit-løye

Har du høyrte om mora og sonen som stod og venta på bussen? Guten såg seg rundt og sa:

- Mamma, eg må bæsja.
- Nei, du får venta til bussen kjem.
- Men, eg må bæsja no!
- Du må venta til bussen kjem.
- No kjem an, no kjem an!
- Kor? Kor hen?
- I buksa.



Hei, eg heiter **Vassbjørn** og er ny i BVA.

Eg skal jobba med å fortelja kva me gjer på i BVA og kvifor me gjer det me gjer.


Me sjåast! :-)



BØMLO VATN OG AVLØP

Bømlø Vatn og Avløpselskap AS

Org. nr. 985 228 825
Pb 214, 5445 Bremnes
Besøk: Hollundsdaalen 21
Tlf: 53 42 88 40
Vakt: 53 42 88 45





SYNLEG.NO

Foto: Vegard Røslund

friskt

Svein Arild Madsen og Ove André Vedøy er inne på pumpestasjonen og ser til at alt er i orden og at pumpa går som normalt.